



ÅRSMELDING 2017 - SOLUND IDRETTSLAG



Offisiell opning av Solund Idrettspark 23. september 2017

STYRESAMANSETJING

Styret i Solund Idrettslag (SIL) har i 2017 hatt følgjande samansetjing:

Leiar:	Irene Sanden
Nestleiar:	Kim Arnes
Sekretær:	Kari Einen
Styremedlemmer:	Kent Inge Strand Stella Tomczuk Jørn Otto Olsen

Vara medlemmer:	Nina Engevik Kjell Mongstad Endre Natvik
-----------------	--

Heidi Sanden har hatt kasserarvervet i Solund idrettslag.

Styret konstituerte seg på andre styremøtet etter årsmøtet 2017, den 05.04.17. Styret hadde fått fullmakt frå årsmøtet til å velje nestleiar, dette vart Kim Arnes.

Praksissen med å kalle inn 1. vara til alle styremøter har blitt vidareført også i år, dette har vore Nina Engevik.

STYREMØTER

Styret har til saman hatt 5 styremøter i 2017. På desse møta har ein totalt handsama 18 saker. Planlegging av opninga av Kunstgrasbana og Solund Idrettspark har styret i Solund IL gjort. Som i fjar har ein har valt å hatt færre styremøter enn tidlegare då ein ikkje har sett behov for



så mange møter. Vi treng ikkje å kalle inn til styremøte med ein gong vi har ei sak som må avgjerast, mykje av dette kan vi ta på mail og heller kome fram til eit vedtak i eit seinare styremøte. Det er i tillegg enklare å få ut informasjon til medlemar, aktivitetsleiarar, badevakter på mail og ikkje minst facebook-sida vår som fungerer veldig bra.

Mykje har kome på plass i Idrettslaget slik som politiattestar, lovnorma, idrettsregistreringa o.l. Takka vere flinke folk som arbeider med dette, har ein ein god «arbeidsflyt» i styret. I 2017 har styret blitt flinkare til å melde avbud dersom dei ikkje har hatt anledning til å stille slik at ein har fått kalla inn vara.

KURS

- Badevaktkurs 14.januar 2017 med instruktør Sonja Olsen.
- Medarrangør på kurset «Store helsegevinstar med små grep» den 29.mars. Eit samarbeid med folkehelsekoordinatoren, frivilligsentralen og Ytre Solund Idrettslag.

ARRANGEMENT

- Sulemarsjen til Ulvegreina og Dumbetinden 1.mai
- Stand, hoppeslott og kanoløp på Solunddagen 26.august
- Opning Solund Idrettspark 23.september
- Nisemarsjen 6.desember
- Sula Hula cup 28.desember
- Romjulsturnering fotball 30.desember



Kanoløpet på Solunddagen 2017



Sula Hula Cupen i Romjula 2017

AKTIVITETER

SIL sitt fokus ligg på å gje eit godt og breidt tilbod av aktiviteter og arrangement for alle medlemar. Målet til SIL er å få flest mogleg i fysisk aktivitet, difor er lågterskelaktivitet viktig for laget, noko som logoen vår, badeanda, skal gje eit bilete på. Vi tenkjer det er viktigare å ha gode, varierte aktivitetar kvar veke enn mange forskjellige arrangement i løpet av eit år då dette er tyngre å administrere. Vi er svært takksame for aktivitetsleiarane som stiller kvar veke slik at vi kan tilby treningsaktivitetar til medlemane våre.

Faste aktivitetar Solund Idrettslag har hatt i 2017:

- Barneidrettskule (Mark og Ingrid Ellevåg)
- Aerobic (Sissel Kråkås)
- Handball og ballidrett (Jørn Otto Olsen og Lillian Herland)
- Volleyball (Henning Nielsen våren 2017, Øyvind Bratland hausten 2017)



- Fotball (Daniel Røed, Endre Natvik, Line Tordal Førde, Gjertrud Lambrechts Trovåg, Kim Arnes, Jørn Otto Olsen, Ingvar Mårstig)
- Innebandy (Renate Njøtøy)
- Yoga (Ingvill Storøy)
- Friidrett (Freddy Indrebø, Nina og Bjarte Engevik). Starta opp igjen hausten 2017 etter ein liten pause.
- Intervalltrening hausten 2017 (Kari Einen)

Offentlig bading (Ansvarshavande: Michael Niesar) og mosjonskampanjen «Svøm langt» er svært populær blant Sulingane, særleg dei yngste. Vi ser god effekt av svømmekampanjen og at svømmeferdighetene til ungane blir bedre og bedre.

Utandørsaktivitet er også ein del av programmet til SIL. Fjelltrimmen (Ansvarshavande: Kari Einen) er godt besøkt av både medlemar og ikkjemedlemar.

Sendebrettlauget og vår nye 18-hols sendebrettbane er også mykje nytta og har ført til ny aktivitet.

Det var to handballag med på Vestkystcupen i Florø 28.-30. april.

I tillegg har vi hatt medlemar som har vore med på Birken, Knarvikmila og sykkelrittet Bergen-Voss.

Det er kjekt å sjå at sjølv om (naturleg nok) nokre aktivitetsleiarar og badevakter sluttar, dukkar det opp nye! SIL har i 2017 fortsatt prøvd å ha fokus på aktivitetsleiarane og badevaktene og den flotte dognadsinnsatsen desse gjer kvar veke. På opningsdagen til Solund Idrettspark var det viktig for Idrettslaget å invitere alle aktivitetsleiarane og badevaktene på festmiddagen om kvelden. Det er takka vere desse at vi kan få til eit så flott anlegg i Solund. Vi har fortsatt med å gi nye aktivitetsleiarar og badevakter Solund Idrettslag genser eller t-skjorte. I tillegg hadde vi også i år ei svært koseleg juleavslutning for denne gruppa med pizza og Jengaturnering på Skafferiet. Vi er så avhengige av dei som stiller opp veke etter veke på aktivitetane og i bassenget, så det er viktig å ta vare på desse, motivere dei til å fortsette og motivere fleire til å bli med. For det er jo kjekt å kunne bidra i dette flotte laget.

Det kan ikkje seiast for ofte: TAKK!





SAKER OG PROSJEKT

Solund Idrettspark:



Ei kunstgrasbane stig fram mai/juni 2017

2017 har vore sterkt prega av at Solund Idrettspark endeleg kom på plass. I mars byrja arbeidet med grunnarbeidet til kunstgrasbana. Lysmastene kom på plass i mai (dog utan lys..) og det byrja å bli grønt på bana i byrjinga av juni. Då kom også løpebane på plass. Den fyrste registrerte fotballkampen gjekk føre seg 18.juni og ein fekk lov til å byrje å bruke bana akkurat då sommarferien byrja. Det var mykje aktivitet på bana i sommarmånadane av heimeferierande Sulingar, utflytta Sulingar og andre turistar.

Då sommarferien var over var det utruleg kjekt å kunne byrje med fotballtrening på kunstgrasbana. Dette var ei heilt ny verd for oss! Dessverre var denne gleda noko kortvarig då ein i november måtte flytte treningane frå kunstgrasbana tilbake til grusbana på skulen, idrettsbygget og ballbingen pga. mangel på lys. Sjølv om kunstgrasbana er flott, er det vanskeleg å trenere i mørkna. Sjølv om dette var ein nedtur visste vi at det var lys på gang og arbeidet med dette vart sett i gang på nyåret 2018 og lys kjem (noko forseinka) på plass nett i desse dagar. Det er fint å tenkje på at sjølv om ein nesten ikkje treng lys no, er lyset på plass i haust slik at vi slepp å igjen flytte treningane tilbake på grusbana.



Fotballtrenarar nøgd med å kunne trenere på den nye kunstgrasbana ikledd den nye nasjonaldrakta i Solund.



Offisiell opning av Solund Idrettspark har kanskje vore den største oppgåva til styret i 2017. Vi ynskja å markere at vi etter så mange år med planlegging, sparing og drauming endeleg var i mål! Det er Solund kommune som eig denne flotte bana, men vi fann ut at skulle det bli fest måtte vi i Idrettslaget ta regien. Vi fann ut saman med kommunen at vi skulle vente til hausten med ei flott offisiell markering og 23.september vart sett av som ein passande dato, etter Solunddag og Stortingsval. Planlegginga av opninga vart sett i gang i byrjinga av juli, sjølvsgåt på sjølve bana.

Sjølve opninga kunne ikkje vore betre. Vi vakna til strålende sol og ein fantastisk sommardag i september. Dagen byrja med å ynskje tilreisande frå Fotballkretsen velkommen. Det vart arrangert tur til Utvær for sponsorar, fotballkretsen, representantar frå Idrettslaget og kommunen. Fotballkretsen hadde aktivitet for barn og unge på fotballbana frå kl 12.00-14.00, og Leah Indrebø saman med friidrettstrenarane hadde eit opplegg på den fantastisk nye friidrettsbana vår!

Offisiell opning vart gjort av Per Ravn Omdal og ordførar Gunn Åmdal Mongstad. Fleire flotte talar, musikalske innslag av skulemusikken og Teo Tomczuk. Det vart servert kake til alle dei frammøtte (1 lite kakestykkje var igjen når vi var ferdig!) Vi hadde trekning blant dei frammøtte av fotballbillettar til Brann og Sogndalkampar og vi auksjonerte bort ei Steven Gerrard drakt bort til inntekt for Idrettsparken som Sulefisk til slutt vann (eller betalte). Rosinen i pølsa var nok overraskinga frå oven. Ikkje berre har Solund Idrettslag kontaktar frå oven som gjorde at vi fekk det fantastiske veiret som ei flott ramme rundt dagen, men ned kom det 3 fallskjermhopparar. Vi heldt alle pusten då dei landa midt på bana og ikkje i ballnettet... Sidan Solund kommune tok rekninga for resten av opninga, ville idrettslaget gi ei gåve i form av ei overrassing til dei som møtte opp denne dagen. Takk også til Solund Verft som var med og sponsa denne gåva. Dagen vart til slutt avslutta med festmiddag på Skafferiet for inviterte gjester.

Det er viktig å få med at det ikkje berre var kunstgrasbana vi opna denne dagen. Etter ein heilt utruleg dugnadsinnsats dei siste vekene før opningsdagen hadde vi også fått på plass eit fantastisk flott friidrettsanlegg. I slutten av august hadde vi invitert aktivitetsleiarar og badevakter til kick off på fotballbana. Det var ikkje så mange som kom denne dagen, men det var denne kvelden vi byrja å snakke om at det hadde vore flott å fått på plass ein kastsektor til kulestøt og ei hoppegrop til lengdehopp til opningsdagen. Det var vel ingen av oss som hadde sett for seg dei dimensjonane det vart til slutt, og vi hadde vel aldri gått i noko slikt dersom vi hadde visst kva arbeid som låg framfor oss. Men takka vere ein fantastisk dugnadsgjeng med Freddy Indrebø og Kjell Mongstad i spissen fekk vi til eit fantastisk friidrettsanlegg på så kort tid. Dei siste dagane vart det bokstaveleg talt arbeida dugnad både dag og natt, og den siste spikeren i utstyrhuset, også kalla «Klubbhuset» vart sett på føremiddagen på opningsdagen. Våren 2018 blir friidrettsanlegget fullstendig med høgdehoppanlegg saman med klatreparken og det vert raudt spurtandekka også for denne delen av Solund Idrettspark.

Kiosk og vask av trimrom:

10. klasse har også i år stått for kiosk ved arrangement i idrettsbygget og den offentlige badinga på haustparten, i tillegg har dei vaska trimrommet kvar veke. Me takker for den gode hjelpa frå 10. klasse.



MEDLEMSTAL

Medlemstall pr 31.12.2017 er 248 (31.12.2016 er 250). Det vil sei at over 30 % av Solund kommunen sine innbyggjarar er medlemar. I tillegg har vi eit idrettslag til i kommunen. Kan andre kommune vise til så gode medlemstal?

SÆRFORBUND

Solund idrettslag er medlem av følgjande særforbund:

- Norges Svømmeforbund
- Sogn og Fjordane Symjekrins
- Norges volleyballforbund
- NAIF – Norsk Amerikansk Idretters Forbund

MOTTEKNE MIDLAR:

Lokale aktivitetsmidlar (LAM):	39 335,-
Grasrotandelen	39 815,01
Momskompensasjon	7 041,-
Gåver til fotballbana	110 100,-
Overskot frå Internasjonal kafe:	6 900,-

MÅL FOR 2018

Når vi no endeleg har fått på plass Solund Idrettspark med kunstgrasbane, friidrettsanlegg, 18-hols sendebrettbane og skatepark, er naturleg nok eit Idrettshus med garderobar, toalett, lager og oppgradert trimrom eit neste mål. Vi er svært glad for at dette er innarbeidd i kommunen sin økonomiplan og vi håper at vi skal klare å samle inn pengar til dette prosjektet sammen med Solund kommune. Sjølv om dette er det viktigaste, store prosjektet til Solund Idrettslag framover skal ikkje dette gå på bekostning av drifta i laget.

Styret i SIL ynskjer å arbeide for å vidareføre det høge aktivitetsnivået og medlemstalet ein har i laget per i dag. Det er viktig med eit allsidig og godt tilbod til medlemane. Det er svært viktig å ta vare på dei gode ambassadørane i Solund Idrettslag som stiller som aktivitetsleiarar, badevakter, styrerepresentantar og andre som gjer eit fantastisk frivillig arbeid i laget, samt rekruttere nye.

SIL betyr svært mykje for heile samfunnet i Solund. Aktivitetane og arrangement er alltid eit møtepunkt for store og små, men krev mykje engasjementet frå eldsjelene i SIL. Vi kan vere stolte av det arbeidet vi gjer og dei aktivitetane vi skapar.

Sjå eigne årsmeldingar for aktivitetar i Solund Idrettslag, ligg på solundil.no og SIL si Facebook side (blir også lagt ut i Idrettsbygget ved årsmøte).

Takk for godt samarbeid i 2017.

Hardbakke 2. mars 2017

*Irene Sanden
(Leiar SIL)*